



Arkivnr: 2015/8849-128

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Oppfølging - Selskapskontroll av arkivplikta til selskap fylkeskommunen har eigarskap i

Bakgrunn for saka:

Selskapskontrollrapport innan selskapskontroll av arkivplikta til selskap fylkeskommunen har eigarskap i vart handsama i fylkestinget 14.12.2016 der det vart gjort slikt vedtak:

1. *På bakgrunn av selskapskontroll av «Arkiv- og journalføringsplikt i selskap i Hordaland fylkeskommune», ber fylkestinget **fylkesrådmannen** syta for å:*
 - a. *Utforme retningsliner for arkiv og offentlegheit i selskap dei har eigarskap i. Dette for å sikra at selskapa følgjer regelverket, for å sikre innsyn i selskapa og for å sikre at arkivverdige dokumentasjon ikkje går tapt.*
 - b. *Følgje opp at det i selskapa er gjort dokumenterte vurderingar av kva krav selskapa er underlagt, knytt til arkiv og journalføring.*
 - c. *Laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 1.3.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.*

11. *På bakgrunn av selskapskontroll av «Arkiv- og journalføringsplikt i selskap i Hordaland fylkeskommune» ber fylkestinget **Sunnhordland Lufthavn AS** syta for å:*
 - a. *Følgje opp dei avvika som er nemnde i rapporten*
 - b. *Innføre naudsynte system og rutinar for å sikre at dei etterlever krav i regelverket*
 - c. *Laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 1.3.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.*

Tidlegare oppfølging:

Denne saka har vore følgd opp ved fire tidlegare høve, 15.06.2017, 12.09.17, 18.12.17 og 12.03.2018. Ved desse oppfølgingane har kontrollutvalet gjort seg ferdig med alle selskapa som var omfatta av selskapskontrollen. Det er no berre oppfølginga i høve nr. 1 Fylkesrådmannen som ikkje er ferdig.

For nr 1. Fylkesrådmannen vart det 12.03.2018 gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet meiner at det ikkje er tilfredstillande at fylkesrådmannen ikkje har svart på oppfølginga innan den fastsette fristen.*
2. *Kontrollutvalet ber om å få ny skriftleg status på forbetningsarbeidet på selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap når det gjeld **nr. 1 Fylkesrådmannen** seinast innan 16.04.17.*

Drøfting:

Kontrollutvalet har eit særskilt ansvar for å følge opp at fylkestinget sine vedtak i samband med handsaming av rapportar om selskapskontroll og forvaltningsrevisjon vert følgd opp. Det vert vist til «Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner» § 12 «Oppfølging av forvaltningsrevisjoner» der det står dette:

«Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandlingen av rapporter om forvaltningsrevisjon følges opp.

Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt fulgt opp. Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte.»

Sekretariatet har motteke vedlagte notat m/vedlegg frå fylkesrådmannen. Vi har merka oss at notatet ikkje er påført verken dato, saksnummer eller sakshandsamar. Av notatet går det fram at punkt 1 a) i vedtaket i fylkestinget 14.12.2016 er ferdig gjennomført. Nå det gjeld punkt 1 b) har fylkesrådmannen sett frist til selskapa til 15.05.2018 på å komme med dokumentert vurdering av kva krav selskapa er underlagt knytt til arkiv og journalføring.

På bakgrunn av dette bør kontrollutvalet be om å få ny skriftleg status på forbetningsarbeidet på punkt 1 b) seinast innan 06.08.18.

Konklusjon:

Når det gjeld **nr. 1 b Fylkesrådmannen** vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om å få ny skriftleg status på forbetningsarbeidet seinast innan 06.08.18.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet ber om å få ny skriftleg status på forbetningsarbeidet for punkt 1 b) for selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap når det gjeld **nr. 1 b Fylkesrådmannen** seinast innan 06.08.18.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikke underskrift.

Vedlegg

- 1 Oppfølging frå fylkesrådmannen arkiv og journalføring
- 2 SAK retningsliner arkiv og journalføring
- 3 BREV til selskap om arkiv og journalføring
- 4 Arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap - retningsliner